



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad:	Myrkdalen hotel
Dato:	27.08.2025
Tidspunkt:	11:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen

Venleg helsing

Aron Freyr Gudmundsson og Steinar Sørli
Verneområdeforvaltarar

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 11/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 12/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 13/25	Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - Sensor for måling av vasstand - Eviny Fornybar AS		2025/12939
DS 7/25	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel til Vassøyane - Eviny Fornybar AS		2025/8505
DS 8/25	Dispensasjon - Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel med helikopter - transport til turlagshytter - Bergen og Hordaland Turlag		2025/9326
ST 14/25	Orienteringar og referatsaker		

ST 11/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 12/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2025/12939-3

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 20.08.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	13/25	27.08.2025

Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - Sensor for måling av vasstand - Eviny Fornybar AS

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Eviny Fornybar AS løyve til å etablere ein ny sensor for måling av vasstand i magasinet Vassøyane, som skildra i søknaden. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- All graving skje manuelt.
- Restmaterialar skal fjernast frå området så snart arbeidet er slutført
- Arbeidet skal gjennomførast i eit samanhengande tidsrom innanfor perioden 28.august til 31.oktober 2025.
- SNO v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 90797720) skal meldast seinast dagen før arbeidet skal arbeidet tek til, han vil gje melding om det må takast særlege omsyn til verneverdiane, spesielt då med tanke på villrein.
- Det skal sendast rapport med bilde av installasjonen innan 01.12.2025. Rapporten skal sendast til sekretariatet for Stølsheimen verneområdestyre

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Informasjon om ny sensor i Vassøyane, *Eviny Fornybar AS*, 19.08.2025
- Uttale frå sekretariatet for Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, datert 20.08.2025

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009



Bakgrunn

Eviny Fornybar AS, v/rådgiver Eivind Vestbøstad, tok 19.08.2025 kontakt per telefon for å melde om dei ynskte å etablere ein ny sensor for måling av vasstand i magasinet ved Vassøyane. Vassøyane ligg innanfor Stølsheimen landskapsvernområde. Dei spurde om dette tiltaket var søknadspliktig eller ikkje. Sakshandsamar bad om at det vart sendt inn litt meir informasjon, slik at vi kunne vurdere om tiltaket var søknadspliktig. Same dag mottok vi epost med informasjon om ny sensor i Vassøyane. Informasjonen i denne eposten gjorde at sakshandsamar konkluderte med at tiltaket ikkje kan reknast som reint vedlikehald og difor må handsamast som ein søknad om dispensasjon frå verneforskrifta.

Søknaden

Eviny Fornybar AS sendte 19.08.2025 inn litt informasjon om planane for ny sensor i Vassøyane, der det mellom anna står følgjande:


«Eviny Fornybar forvalter vatnet i Vassøyane i Stølsheimen til kraftproduksjon gjennom Evanger Kraftverk. Som del av dette er vi pålagt av myndighetene å måle vannstanden i Vassøyane. Basert på vår erfaring er det å foretrekke med to ulike sensorer i slike magasin for betre kunne avdekke eventuelle feil og avvik.

Vi ser behov for å etablere en ekstra sensor i området mellom målehuset og dammen i Vassøyane, sjå skisse under.

Tiltaket planlegges gjennomført etter sommeren/høsten 2025. Planen er å grave ned trekkerør for sensor i torv fra målehuset og ca 15 meter fram til rett under normal vannstand. Gravearbeidene vil bli utført med spade. Videre legges ca 25 meter med nedsenka svart PE-rør på 50mm med lodd. Normalt sett ville vi brukt betonglodd for å sørge for at røret blir liggende på bunnen, men på grunn av den korte avstanden, og at vi er i landskapsvernområde, vil vi benytte naturstein med rustfrie klammer som lodd på trekkerøret. Frakt av utstyr vil skje i samband med arbeidet med spyling av damplate.»



Figur 1. Skisse over planlagt tiltak



Figur 2. Kart over området ved Vassøyane

Eviny Fornybar fekk i delegert vedtak datert 10.07.2025 dispensasjon til motorferdsle til Vassøyane i samband med vedlikehald/spying av demninga i perioden 1.august til 30.september. Frakt av utstyr til etablering av ny sensor skje i samband med dette.

Lovgrunnlaget



«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr.1.

Vanleg vedlikehald på eksisterande anlegg kan gjennomførast utan søknad. Etablering av ein ny sensor for måling av vasstand er eit nytt tiltak som vert vurdert som meir enn vanleg vedlikehald, og må vurderast som eit særskilt unntak etter nautmangfaldlova (nml) § 48; *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal kome fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Vassøyane ligg i Stølsheimen landskapsvernområde. Eviny Fornybar AS sitt damanlegg ligg innanfor landskapsvernområdet. Eviny er pålagt å måle vasstanden i Vassøyane-magasinet og det er erfaringsmessig trong for to sensorar i slike magasin. Dei treng difor legge ut ein sensor til i magasinet i tillegg til den som allereie finst. Tiltaket er knytt til eit eksisterande anlegg, og forvaltar vurderer at det er heimel til å vurdere tiltaket med heimel i naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Vassøyane ligg innanfor Fjellheimen villreinområde. Villreinen brukar dette området sporadisk, og det må påreknast å kunne møte rein i desse områda. Anleggsarbeidet skal utførast på seinsommar/haust.

Søknaden er oversendt sekretariatet for Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, som har kome med fylgjande uttale:

«Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell har ikkje merknader til det omsøkte tiltaket. Vi ber likevel om at det blir teke omsyn dersom det skulle vere villrein i området, og eventuelt avbryter/utsetter arbeidet dersom det er tilfelle.»

På denne tida vil aktiviteten i liten grad føre til uro og skade på villreinen i området. Det er likevel viktig å vere særleg merksam og ta omsyn dersom villrein vert observert i området.

I fylgje Naturbase (19.08.2025) er det ikkje registrert sårbare naturtypar eller andre sårbare artar utanom villrein i området nær utløpet Vassøyane. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt nok for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt liten vekt.

Verneområdeforvaltninga har god erfaring med at Eviny Fornybar AS tek omsyn til naturmiljøet under arbeid, og har gode rutinar for opprydding etter anlegg i verneområdet. Ut frå tilgjengeleg kunnskap om verneverdiane i området, vert det vurdert at tiltaket ikkje vil føre til skade på verneverdiane.



Dei nye tiltaka vil vere i eit område med vasskraftdam og andre inngrep i tilknytning til denne, og vil vere lite synlege.

Stølsheimen vert nytta som friluftsområde både sommar og vinter. Tiltaket vil medføre lite støy då all graving vert utført med handemakt og vil ikkje ha negativ verknad på friluftslivet i området.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga på området og økosystemet jamfør naturmangfaldlova sin §10. Tiltaket vil ikkje medføre auka motorferdsle eller anna negativ belastning på naturmiljøet.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føre til miljøforringing.

Måten tiltaket er planlagt gjennomført vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jamfør naturmangfaldlova sin § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 og §§ 8 – 12, meiner forvaltar at tiltaket med etablering av ein ny sensor for måling av vasstand i Vassøyane-magasinet ikkje er i strid med verneformålet eller er til nemneverdig skade på verneverdiane. Forvaltar rår til at det vert gitt løyve til tiltaket.



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3133
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

EVINY FORNYBAR AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Saksbehandlar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2025/8505-3 432.2

Dykkar ref.

Dato 10.07.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	8/2025
----------------	--------

Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel til Vassøyane

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
04.04.2024, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Eviny Fornybar AS løyve til inntil 3 landingar med helikopter for transport av utstyr og personell i samband med vedlikehaldsarbeid på demningen i Vassøyane i perioden mellom 1. august og 30.september 2025.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transport med helikopter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar og helgedagar.
- Så langt det er mogleg, skal transporten gjennomførast i ein samla periode.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane, spesielt då med tanke på villrein. Det kan verta aktuelt å legge om transportruta av omsyn til villrein.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transport.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet innan 01.11.2025.

Dokument i saka

- Søknad om engangsløyve til motorferdsel, bruk av aggregat og etablering av midlertidige brakker i Stølsheimen landskapsvernområde – Vassøyane, *Eviny Fornybar AS*, datert 27.05.2025



Søknaden


Eviny Fornybar AS planlegg vedlikehaldsarbeid på demningen i Vassøyane i perioden 1.august til 30.september 2025. Arbeidet omfattar høgtrykksspyling av betongoverflata på oppstrøms damplate, ned til normalvannstand. Tiltaket vert gjennomført for å fjerne mosevekst på dammen, og er nødvendig vedlikehold for å sikre betongen si levetid og avgrense trongen for framtidige utbetringar. Dei vil også spyle overløpsdammen og utføre reparasjonar på ei gangbru nedstrøms overløpet. Arbeidet er planlagt å vare i opptil to veker. Eviny Fornybar opplyser i søknaden at tiltaket inngår som ein del av ordinært vedlikehald av eksisterande anlegg, jamfør kapittel V, punkt 6 i *Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde*. Søkjar planlegg samstundes å etablere ein midlertidig brakkeleir beståande av 5-6 lettbrakker ved demninga. Brakkene skal plasserast på ei eksisterande flate utan trong for terrenginngrep, sjå figur 2. Brakkene og alt anna utstyr og avfall skal fjernast og fraktast ut av området umiddelbart etter at arbeidet er ferdig. Brakker og utstyr skal flygast til og frå med longline.

Det er avgjerande for helikoptertransporten at arbeidet vert utført i ein periode med gode værtilhøve, og tidspunkt for flyging vil tilpassast værprognosar samt tilgjengeleg kapasitet hjå underleverandør.


Eviny Fornybar AS søker om:

- Løyve til motorferdsel med helikopter i perioden 1. august – 30. september 2025
- Løyve til inntil 3 turar med landing av helikopter ved Vassøyane
- Løyve til å etablere midlertidig brakkeleir

Helikoptertransporten vil følgje vedlagt flyrute, sjå figur 1, og tilpassast for å minimere støy og forstyrringar. Dei vil ta omsyn til eventuelle førekomstar av villrein i området og tilpasse transporten for å unngå forstyrringar.



Figur 1 Transportrute med helikopter



Figur 2 Riggplan

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017

Verneforskrift og verneformål

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «*naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre*» jf. pkt. VI nr. 6.



Etter naturmangfaldlova (mnl.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld motorferdsle i samband med naudsynt vedlikehaldsarbeid på demningen i Vassøyane. Tiltaka er vil ikkje føre til vesentlege endringar på landskapet, og er difor ikkje søknadspliktig tiltak etter verneforskrifta. Transporten vert vurdert til å koma inn under særlege grunnar som det kan gjevast løyve til etter verneforskrifta pkt. VI nr. 6. Transportføremålet er nemnt i forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde. Saka er difor vurdert til å kunne behandlast som delegert vedtak.

Verneområdestyret har gode erfaringar med Eviny sine rutinar for bruk av motorisert ferdsle, og det har vore gode rutinar på rapportering. Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og tidlegare erfaringar med helikoptertransport i verneområdet. Området er del av Fjellheimen villreinområde. Villreinen brukar dette området sporadisk, og det må påreknast å kunne møte rein i desse områda. Det er difor viktig å vera særleg oppmerksam dersom villrein vert observert, og om mogleg legge om flygeruta for å unngå å uroa dyra.

I fylgje Naturbase (10.07.2025) er det ikkje registrert sårbare naturtypar eller andre sårbare artar utanom villrein i området nær utløpet Vassøyane. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for og vurderer saka. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt liten vekt i denne saka.

Stølsheimen vert nytta som friluftsområde både sommar og vinteren. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk blir minst mogleg. I tillegg til løyve til helikoptertransporten til Eviny Fornybar er det gitt fleireårig løyve til helikoptertransport til Bergen og Hordaland turlag sine turisthytter i området. Forvaltninga skal vurderer den samla belastninga på området og økosystemet jamfør naturmangfaldlova sin §10. Den totale motorferdsla i området har vore aukande siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrensa ferdsla for å unngå for stor belastning på naturmiljøet i området. Dersom det er mogleg å samordne køyringa med anna planlagt tilsyn, bør dette gjerast.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.

Helikoptertransporten vert gjennomført utanom den mest sårbare kalvetida for villrein, og den er planlagt gjennomført i ein avgrensa periode. Helikoptertransport vil berre gje uro under sjølve flyginga, og vil i liten grad gje skade på naturmiljøet så lenge den vert avgrensa til det som er strengt naudsynt. Transportruta er frå Indre Askjelldalen til Vassøyane, og vil berre vera litt over 1 km inn i verneområdet. Transporten vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jamfør naturmangfaldlova sin § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten tek. Forvaltar vurderer transporten til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta og forvaltningsplanen.



Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok Stølsheimen Ivo

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VIK KOMMUNE
VAKSDAL KOMMUNE

Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og
Raudafjell
SNO Aurland



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3133
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

BERGEN OG HORDALAND TURLAG
Tverrg 4-6
5017 BERGEN

Saksbehandlar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2025/9326-3 432.2

Dykkar ref.

Dato 27.06.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	7/2025
----------------	--------

Dispensasjon - Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel med helikopter - transport til turlagshytter - Bergen og Hordaland Turlag

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
04.04.2024, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Bergen og Hordaland Turlag får dispensasjon til inntil 16 landingar med helikopter i perioden 20.juni til 15.juli, i 2025, 2026, 2027 og 2028. Landingane skal vera ved turisthyttene i Solrenningen, Åsedalen, Selhamar og Brydalen i Stølsheimen landskapsvernområde. Transporten gjeld supplering av proviant, ved, gass og anna naudsynt utstyr til turlagshyttene, og retur av avfall.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transporten skal om mogleg skje utanom søndag og helgedagar av omsyn til friluftslivet.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane.
- Dersom det er mogleg skal transporten samordnast med anna transport til stølane i området.
- Dette løyvet skal vera med under transport. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet innan 1.september kvart år i løyveperioden.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast løyve etter lov om motorferdsle i utmark og vassdrag frå aktuelle kommunar og grunneigarar i området.



Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til helikoptertransport til turlagshyttene i Stølsheimen verneområde, datert 12.06.2025
- Uttale frå villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, datert 24.06.2025

Søknaden vert vurdert etter:


- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsverneområde, rapport nr. 1, 2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Søknaden

Bergen og Hordaland Turlag - BHT - søker om løyve til helikoptertransport frå Stølsdammen i Modalen kommune til turlagshyttene Brydalen, Solrenningen, Åsedalen og Selhamar.

Formålet med flyginga er å supplere proviant, ved, gass og anna naudsynt utstyr til turlagshyttene og å returnere avfall. Dette er den einaste forsyninga til hyttene, og proviant, ved og gass skal vere heilt til neste sommar. Difor er dei avhengig av årleg påfyll. Det er i praksis ikkje mogeleg å frakta inn desse varene utan bruk av helikopter. BHT har mange frivillige plassert på hyttene og ved utflygingsstaden, og det er vanskeleg å få nok frivillige dersom dei ikkje kan ta transporten ei helg. Dersom grunneigarar og hyttenaboar i området vil hengje seg på med transport av varer til sine hytter opnar BHT opp for det.

Fast transporthelg har vore siste helga i juni, med reservehelg første helga i juli, dersom det ikkje er lageleg vær for helikoptertransport. BHT ynskjer å ha fleksibilitet til å organisere transporten ut frå kva som passar best for administrasjonen i BHT og for frivillige, og søker difor om fleksibelt løyve i tidsrommet 15. juni - 15. juli kvart år. Dei kan ikkje fastsette nøyaktig tal på hiv per år, men vil halde det på eit minimum. Normalt vil det vere om lag 15 hiv, men for eksempel mindre utbetringar, utskifting av inventar, skifte av vindauge eller kledning, eller våt ved kan føre til at transportbehovet varierer mykje frå år til år. Dei søker derfor om inntil 25 landingar per sesong for åra 2025-2028.



Figur 1: Oversikt turlaghytter i Stølsheimen Verneområde og utflygingsplass ved Stølsdammen

Fast transporthelg har dei siste åra vore siste helga i juni, med reservehelg første helga i juli dersom det ikkje er lageleg vær for helikoptertransport. For å minimere byråkrati for begge parter søkjer dei om løyve for åra 2025-2028 samla.

Bergen og Hordaland turlag har hatt liknande løyve i fleire periodar, sist for ein femårs periode frå 2020 til 2024, med inntil 16 landingar per år siste helga i juni eller fyrste helga i juli.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III.

Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med



luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdeforvaltninga kan gje løyve til transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene jf. pkt. VI nr. 6.

Vurdering

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Transport til turisthyttene eit av tiltaka det kan gjevast løyve til etter verneforskrifta. Turisthyttene er eit godt tilbod for vandrarar i Stølsheimen, og transporten til hyttene er til nytte for friluftslivet. Drift av turisthyttene er viktig for å oppretthalde eit godt tilbod om enkelt friluftsliv i området.

Det har dei siste 8 åra blitt gitt løyve til inntil 16 flygingar per år, og turlaget skriv i søknaden at 15 hiv årleg er normalt. Grunnen til at dei søker om 25 hiv er mellom anna at større vedlikehaldsoppgåver som t.d. skifting av kledning på ei hytte kan føre til større transportbehov enkelte år.

Det er viktig med likebehandling av ulike aktørar i området. Grunneigarar må søke om transport for kvart enkelt prosjekt, og det blir lett oppfatta som forskjellsbehandling når større aktørar får det som kan bli oppfatta som blankofullmakter til å fly inn alt dei ynskjer. Det er også viktig at verneområdestyret har oversikt over større vedlikehaldsprosjekt for å sikre at verneverdiane blir oppretthaldne.

Forvaltar ynskjer difor i denne omgang å berre gje løyve til den flyginga som er nødvendig for ordinær drift, og vel difor å avgrense løyvet til inntil 16 flygingar årleg, slik som dei siste åtte åra. Ved eventuell større vedlikehaldsprosjekt ynskjer vi at Bergen og Hordaland turlag sender eigne søknadar om det.

Turlaget planlegg å gjennomføre all transport i løpet av ein dag, og viser til at dei avgrensar transporten til det som er naudsynt. Det er ikkje ynskjeleg at transporten føregår på søndagar, men forvaltninga har forståing for at det er vanskeleg å samla nok dugnadsfolk utanom helg, og at det er praktisk å legge transporten til ei dugnadshelg. Den totale motorferdsla i området er liten på denne tida av året, og forvaltninga vurderer den samla belastninga på området og økosystemet jf. nml. § 10 til å vere akseptabel.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan og rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) og tidlegare erfaringar med helikoptertransport til turisthyttene. Det er ikkje kjente registreringar av sårbare naturtypar eller artar ved turisthyttene som vil kunne bli negativt påverka av transporten.

Villrein har tilhald i deler av området, og det er viktig å ta omsyn til villreinen dersom den vert observert under transporten. Villreinnemnda har i sin uttale peika på at det ikkje er ønskeleg med utstrekt motorferdsel i området og at sum verknaden av mange løyver til motorferdsel i området er negativt for villreinen. Villreinnemnda tilrår at det blir teke kontakt med SNO i forkant av flyginga, slik at det er mogeleg å endre ruter for flyging dersom det er villrein i områda. Villreinnemnda har elles ikkje avgjerande merknader til søknaden. Dei vil likevel



legge til at dersom det viser seg at villreinen i Fjellheimen nyttar desse områda i nordvest meir i tida framover, vil vi måtte vurdere søknaden på nytt.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt nok for vurderer saka, og føre var prinsippet nml. § 9 vert tillagt liten vekt.

Det har vore ein god praksis i Stølsheimen at grunneigarane i området der det er turisthytter, samordnar transport med turlaget for transport til stølane. I tråd med føringar i forvaltningsplanen, vil forvaltar oppmoda om at denne praksisen vert vidareført.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då det er lite truleg at tiltaket vil føre til miljøforringing. Frakt av varer og utstyr med helikopter til hyttene er samla sett den mest tenlege transportmetoden, og transporten er skånsam for landskapet. Helikoptertransport blir vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten føregår.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova vurderer forvaltar transporten til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

MODALEN KOMMUNE
VIK KOMMUNE

HØYANGER KOMMUNE

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og
Raudafjell
SNO Aurland

Postboks 44	5732	MODALEN
Postboks	6891	VIK I SOGN
134		
Postboks	6991	HØYANGER
159		

ST 14/25 Orienteringar og referatsaker